



Ewy Lakselv (5) var i formingsgruppa

**Leiar Solfrid Hellesøy Sigveland kan melda om rekord-deltaking i søndagsskulens leir på skulen i Omvikdalen, som blir avvikla for sjette året på rad denne helga**

**Det er 51 med og dei kjem frå så å seie alle kantar' av Kvinnherad. Men Husnes er ikkje representert! Deltakarane er frå 4 til 14 år.og 6 av dei er frå Uskedalen.**



4 uskedelinger utgjorde elektronikkgruppa

Det var Birgit Hjelmeland som tok initiativet til desse leirane og dei vart døypt 'Buheimaleir'. ettersom deltakarane ikkje overnattar på skulen men bur heime.

- Målsetjinga var og er å læra ungane om Jesus, seier Solfrid men ho legg til at det også er mykje anna å læra.

Og det får en verkeleg sanne når ein på stutt tid registrerar sang, baking, snekring, elektronikk og forming i klasseromma- alt med engasjerte elevar og flinke lærarar. i eit velorganisert opplegg.

Gruppa for elektronikk er ei rein Uskedalen-gruppe der Asgeir Hjelmeland frå Omvikdalen og Andreas Ølfarnes frå Utåker har Tørres Lekva, William Hjørnevåg, Joakim Sjo Musland og Liklas Lakelv som elevar. i gruppa som baker finn ein mellom andre uskedelingen Anna Zofia Fonn og systrene Marlin og Ingrid Inntveit. Dei siste er frå Herøysund som har søndagsskule saman med Uskedalen.

- Vårt tema under denne leiren er trygghetens Jesus, som vi fylgjer opp med Bibelord, songar og andaktar. vi vil til dømes dvela ved sauene som vart borte, Herren som hyrde og Jesus som stilte stormen, Under den avsluttande familiefesten held Elisabeth Fauskanger andakt, fortel leiaren

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Systrene Inntveit og Anna Zofia Fonn bakte